


**Ullensvang
kommune**

Grunnlagsdokument

Detaljreguleringsplan for parkeringsplass Valldalen

PlanID: 4618202500

Forslagsstillar: Ullensvang kommune



Vedteke i råd/utval/leiargruppe ol. xx.xx.xx



Innleiing

I tråd med vedtak fattet av utval for samfunn, plan og næring den 15.09.2024, igangsetter Ullensvang kommune arbeidet med en ny detaljreguleringsplan for etablering av parkeringsplass i Valldalen. Formålet med planen er å legge til rette for en ny parkeringsløsning innerst i Valldalen, som skal bidra til en mer hensiktsmessig og berekraftig infrastruktur for besøkende til området.

Grunnlagsdokumentet for reguleringsplanen gir ei skildring av det føreslegne tiltaket og skisserer dei overordna rammevilkåra som vil styre det vidare planarbeidet. Dokumentet fungerer som eit styrande verktøy i arbeidet med detaljreguleringa og fastset dei nødvendige føringane for utviklinga av parkeringsplassen. I tillegg vil det bidra til å vurdere dei miljømessige, økologiske og estetiske konsekvensane av prosjektet, samt sørge for at den føreslåtte løysinga er i samsvar med dei gjeldande plan- og bygningslovene, samt dei relevante nasjonale og regionale retningslinjene.

Grunnlag for planarbeidet

Varsel for eigarar, rettighetshavarar, naboar og andre partar

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-8 vert det med dette varsla at Ullensvang kommune set i gong arbeid med reguleringsarbeid for følgjande eigedomar: 20/3.

Planområdet

Planområdet ligg i Valldalen, ved Valldalsvatnet, om lag 5 km aust for nærmaste tettstad. Frå området har ein utsikt over vatnet mot fjella i aust.

Næraste infrastruktur er ein kommunal veg som går langs vatnet. Nord for området ligg det to fritidsbustader, men det er ikkje venta at tiltak i området vil føra til vesentlege konflikhtar, anna enn mogleg påverknad på utsikt og noko auka ferdsel.


Området er dominert av blandingsskog med innslag av myr og steinutslag. Jordsmonnet er relativt tynt, særleg i dei høgareliggande delane av arealet. Nede ved vatnet er det ei naturleg strandsone som blir nytta av både lokale og turistar til friluftsliv og fiske.





Planstatus

Arealet er avsett til Landbruk- natur og friluftsliv, i retningslinjeområde der friluftsliv er dominerande i gjeldande kommuneplan for Odda kommune, planID 12282007001. Gjeldande føresegn for kommuneplanen § 2 omtalar Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Retningslinje for LNF områder der friluftsliv er dominerande skal det leggjast vekt på områdets viktige friluftsiinteresser slik at desse ikkje vert skadelidande. Arbeider og tiltak for tilrettelegging av friluftsiinteresser kan tillatast dersom det kan dokumenterast at dette ikkje vil vere i konflikt med områdets verdier. Det er spesifisert i føresegn at vegar og parkeringsplassar der anna verksemd enn landbruk utgjer heile eller ein vesentleg del av formålet ikkje inngår i LNF - kategorien.



Figur 1 Utsnitt av kommuneplanen. Kjelde: kommunekart.com

Planlagde tiltak

Reguleringsplanen skal leggja til rette for etablering av ein offentleg parkeringsplass for besøkande i Valldalen, med omlag 70 parkeringsplassar. Planlegginga skal ta særleg omsyn til landskapsverdiar, estetikk og naturmiljø. Tiltaket skal utformast slik at det harmonerer med den naturlege terrengformar og den omkringliggjande vegetasjonen. Det skal nyttast materialar og løysingar





som reduserer visuell påverknad, til dømes ved bruk av naturlege skjermingstiltak som vegetasjon eller terrengtilpassing.

Vidare skal tiltaket ikkje forringe den økologiske verdien i området. Omsyn skal takast til eksisterande flora og fauna, og eventuelle sårbare naturtypar skal kartleggast og ivaretakast.

Lov, retningslinjer, planar og utgreiingar som ligg til grunn for planen

Planlegging etter plan- og bygningslova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Planlegging i kommunane skal skje innanfor rammene av nasjonale og regionale føringar. I tillegg er det kommunale føringar i form av mellom anna kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

I følgje plan- og bygningslova § 7-1 skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Nasjonale føringar

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og Bygningsloven) av 28. juni 2008

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/*#*

Lova skal fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023- 2027

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/?ch=1>

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dette går fram av plan- og bygningslova §§ 3-5 og 6-1. Forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og leggjast til grunn av statlege styresmakter når dei deltek i planprosessane.

Statlige planretningslinjer for klima og energi

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2024-12-20-3359>

Føremålet med retningslinjene er å sikra at klima og energi blir vektlagde i planlegginga etter plan- og bygningslova og i anna myndigheitsutøving og verksemd i staten, kommunane og fylkeskommunane.





Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2025-01-24-69>

Føremålet med retningslinjene er å sikra ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosessar.

Kvalitetsnorm for villrein (FOR-2020-06-23-1298)

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-06-23-1298>

Føremålet med kvalitetsnorma er å bidra til at villrein og dei ulike villreinområda blir forvalta på ein måte som sikrar at internasjonale forpliktingar blir overhaldne, og at nasjonale målsettingar om ivaretaking av levedyktige bestandar innanfor sine naturlege utbreiingsområde blir nådde.

Regionale føringar

Regional plan for Hardangervidda 2019 - 2025

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-plan-for-hardangervidda-2019-2035.pdf>

Hovudføremålet med fylkesdelplanen er å koma fram til ein langsiktig og heilskapleg strategi for bruk av areal som er viktige leveområde for villreinen eller påverkar villreinenens leveområde. Særleg sentralt vil det vere:

- å sikra villreinen tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår.
- å sikra lokalsamfunna rundt Hardangervidda gode moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling.
- å leggja til rette for friluftsliv og naturbasert næringsliv.

Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda (under arbeid)

<https://bfk.no/tjenester/planlegging/regional-planlegging/gjeldende-regionale-planer/felles-sti-og-loypeplan-for-hardangervidda.185953.aspx#:~:text=Felles%20sti-%20og%20I%C3%B8yeplan%20for%20Hardangervidda%20er%20et,m%C3%A5let%20er%20%C3%A5%20fullf%C3%B8re%20i%20I%C3%B8pet%20av%202023.>

Felles sti- og løypeplan har som føremål å betra villreinenens moglegheit til å nytta dei ulike funksjonsområda (sommar-, vinter- og kalvingsområde) innanfor leveområdet, samt moglegheit til trekk innanfor og mellom funksjonsområda.

Regional plan for klima 2022–2035

<https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/klimaplanar-og-rapportar/>

Ein overordna og langsiktig plan for klimaarbeidet i Vestland som region fram mot 2035. Klimaplanen er eit verktøy for å styrkja klima- og miljøarbeidet i





Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet.

Kommunale føringar

Kommuneplan sin Samfunnsdel 2020-2032

<https://ullensvang.kommune.no/artikkel/samfunnsdelen/>

Det overordna målet til kommuneplanen sin samfunnsdel er å styrkje heile kommunen. Dette skjer gjennom langsiktig og heilskapleg planlegging med fokus på berekraftig utvikling. For Ullensvang kommune tyder det at bygdene og utkantane skal ha høve til å utvikla seg, samstundes som at tettstadane skal bli betre gjennom god samfunnsplanlegging.

Kommuneplan sin Arealdel (ny plan under arbeid, eksisterande planprogram)

<https://ullensvang.kommune.no/artikkel/arealdelen/>

Kommuneplanen sin arealdel for Odda kommune, gjeldande plan

<https://ullensvang.kommune.no/artikkel/arealdelen/>

Planområdet og viktige tema for vidare utgreiing

Tema som vert utgreidd i planarbeidet er nemnt under og er skildra kort. Lista under er ikkje endeleg for tema som vert utgreidd i planarbeidet.


Parkering

Hovudføremålet med planarbeidet, slik det er omtalt i innleiinga, er å leggje til rette for etablering av parkeringsplassar for besøkande til Valldalen og Hardangervidda nasjonalpark. I planprosessen skal det leggjast særleg vekt på utforming, landskapstilpassing og berekraftig arealdisponering for å minimera inngrep i naturen og sikre ei estetisk tilpassa løysing.

Planen omfattar etablering av omlag 70 parkeringsplassar, noko som tilsvarar kapasiteten til den eksisterande parkeringsplassen. Parkeringsanlegget skal vere offentleg tilgjengeleg og primært disponerast for brukarar av fjellområdet, med sikte på å leggje til rette for friluftsliv og naturopplevingar i tråd med omsynet til vern og berekraftig bruk av området.

Etter ferdigstilling av den nye parkeringsplassen er det ikkje planlagt vidare bruk av den eksisterande parkeringsplassen for turisme. Den nye løysinga skal erstatta dagens parkering og sikra betre tilrettelegging for besøkande til Valldalen og Hardangervidda nasjonalpark.





Figur 2. Kart over planlagt parkeringsplass og eksisterende. Kjelde: kommune kart.com

Villrein

Arealet ligg innanfor villreinens leveområde og kalvingsområde. I regional plan for Hardangervidda ligg planområdet utanfor plangrensa. Hardangervidda nasjonalpark er Noregs største villreinområde på 8130 km² fordelt på 8 kommunar (Norsk Villreinsenter, 2022). Villreinen på Hardangervidda er klassifisert som dårleg etter kvalitetsnormen for villrein (Rolandsen et al., 2022). Planarbeidet skal ta omsyn til villrein og eventuelle konsekvensar etablering av parkeringsplass kan ha for villrein.




Figur 3. Plankart - Regional plan for Hardangervidda. Kjelde: <https://villrein.no/villreinomrader/hardangervidda/>





Nasjonalpark

Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta i 1981 og er Noregs største nasjonalpark. Området er viktig som tilhaldsstad for dei største villreinflokkane i Europa, og dei største delbestandane av mange fåtallige fugleartar i Sør-Noreg. Vidda byr på eit stort plantemangfald i skjæringspunktet mellom austlege og vestlege artar (*Hardangervidda Nasjonalpark*, n.d.). Planområdet ligg utanfor nasjonalparkgrensa, men området er ein viktig innfallsport til nasjonalparken. Mange brukarar av området startar turen i Valldalen, for å koma seg til td. Middalsbu turisthytte og Litlos turisthytte. Parkeringsplass er viktig funksjon ved innfallsportane for brukarane av Hardangervidda.



Figur 4. Hardangervidda nasjonalpark. Kjelda: kommunekart.com


Naturmangfald

Valldalen har eit rikt naturmangfald, det er viktig at planarbeidet tek omsyn til naturmangfaldet og at plante- og dyreliv vert ivareteke. Planarbeidet skal gjennomføra naturkartlegging.

Flaum- og skred

Parkeringsplass skal tilfredsstillast krav til tryggleik mot skred i tryggleiksklasse S1 og tryggleiksklasse F1 for flaum (så lenge det ikke etableres bygg eller installasjonar som tilrettelegger for personopphold over lengre tid) (§ 7-1. *Generelle Krav Om Sikkerhet Mot Naturpåkjenningar*, n.d.). Det må kartleggjast for naturfare i planarbeidet.





Figur 5. Aktsemdsona for flaum og snøskred. Kjelde: atlas.nve.no

Friluftsliv

Valldalen er ei viktig friluftslivsområde for jakt og fiske, naturopplevingar og naturvennleg friluftsliv. Planen skal ta omsyn og vektleggja desse interessene i planen. Friluftsliv er viktig for innbyggjarane i Ullensvang kommune og besøkande og har ein direkte kopling til betring av folkehelsa. Parkeringsplassen vil gjer det enklare for besøkande å koma seg inn Vivassdalen.

Born- og unge sine interesser

I utgreiinga av parkeringsløsninga i Valldalen er det viktig å vurdere korleis tiltaket påverkar born og unge sine interesser. Dette omfattar både tryggleik ved ferdsel i området, tilgjenge til friluftsliv og naturbaserte aktivitetar, og sikring av at parkeringsplassen ikkje medfører ein uheldig påverknad på leik og naturopplevingar. Ved å inkludere born og unge i vurderingane, kan vi sikre at utviklinga av området skjer på ein måte som gjev gode og trygge rammevilkår for framtidige generasjonar.

Turisme


Den nye parkeringsplassen skal leggje til rette for besøk av turistar til Valldalen og Hardangervidda nasjonalpark, som er viktige attraksjonar. Det er avgjerande å sørgje for at parkeringa møter behova til turistane, samtidig som den ikkje skapar negative konsekvensar for naturmiljøet eller opplevingane til dei besøkande. Gjennom godt planlagt infrastruktur kan turisme bidra til berekraftig økonomisk vekst for kommunen.





Kulturminne

Innanfor planområdet er det ikkje registret kulturminne. Like utanfor planområdet ligg det automatisk freda kulturminne Slep Bitdal-Austmannalia, Veganlegg (kulturminneld 112795. Eit gammalt slep mellom Bitdal og Austmannalia som forbinder Hardingslepa med Ålmannavegen. Det er ikkje venta at planen vil ha negative konsekvensar for det automatisk freda kulturminne.



Figur 6. Utklipp frå kulturminnesøk. Kjelde: kulturminnesøk.no

Planprosess og medverknad

Krav til medverknad i planprosessen er sett i plan- og bygningslova. I følgje plan og bygningslova § 5-1 skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, her ved barn og unge.

Medverknad

I plan- og bygningsloven er medverknad meint som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverke offentlege utgreiings- og vedtaksprosessar. Det gir innbyggjarsne høve til å planlegge si framtid. Føremålet med medverknad i planprosessen er mellom anna å:

- sikra gode løysingar som tek omsyn til alle sitt behov
- leggja til rette for at alle berørte og interesserte aktørar kan komme til orde
- fremja kreativitet og engasjement og vere ein arena for demokratisk deltaking i lokalsamfunn
- skaffa eit godt beslutningsgrunnlag

Det skal arrangerast ope folkemøte i Røldal under planprosessen.





Konsekvensutgreiing

Vurdering etter § 5

I § 5 Ansvarlig myndighet i Forskrift om konsekvensutgreiing går det fram at "Ansvarlig myndighet etter forskriften er planmyndigheten for den aktuelle planen etter plan- og bygningsloven, og vedtaksmyndigheten for tiltak etter andre lover. Hvem som er ansvarlig myndighet går fram av § 6, § 7 og § 8."

Vurdering etter § 6

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastset rammer for tiltak i vedlegg I og II
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Planen fell ikkje inn under § 6 bokstav a, b eller c.

Vurdering etter § 8

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Ullensvang kommune vurderer at planen fell under 10 b. i vedlegg II og må vurderast etter § 10 i forskrift om konsekvensutredninger.

Vurdering etter § 10

§ 10. jf. andre ledd	Kommunen sin vurdering
størrelse, planområde og utforming	Den planlagde parkeringsplassen har ein kapasitet på mellom 70 køyretøy, og sjølv om tiltaket ikkje er av eit omfang som automatisk utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), må





	<p>vurderinga likevel ta omsyn til den lokale påverknaden. Prosjektet er planlagt med vekt på landskapstilpassing, noko som reduserer visuell påverknad og bidreg til ein harmonisk integrasjon i omgivnadene. Vidare er det lagt vekt på minimalisering av terrenginngrep gjennom ei tilpassa utforming. For å sikre berekraftige løysingar bør tiltak knytt til avrenning og økologisk tilpassing vurderast som ein integrert del av den vidare planleggingsprosessen.</p>
bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser	Ikkje relevant
avfallsproduksjon og utslipp	Ikkje relevant
risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer	Ikkje relevant

§ 10. jf. tredje ledd	Kommunen sin vurdering
<p>verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</p>	<p>Planområdet ligg utanfor Hardangervidda nasjonalpark, det er ikkje venta at tiltaket vil koma i konflikt med verneverdiane til nasjonalparken.</p>
<p>truede arter eller naturtyper, 13 verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</p>	<p>Det er ikkje gjort funn av trua artar i planområdet. Det er gjort observasjon av Taksvale 07.08.1964, den er vurdert til nært trua. Det er eit automatisk freda kulturminne like utanfor planområdet "Slep mellom Bitdal og Austmannalia som forbinder Hardingslepa med Ålmannvegen". Det er ikkje venta at planen vil ha negative verknadar for kulturminnet.</p>
<p>statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller</p>	Ikkje relevant





regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	
større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	Området er avsett til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Arealet er ikke dyrka mark, eller vil ha negativ effekt for landbruket.
økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Ikkje relevant
konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Ikkje relevant
vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Ikkje relevant
risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom	Det vert utarbeida naturfarerapport knytt til skredfare og flaum i planarbeidet.

Konklusjon

Ullensvang kommune vurderer at planen ikkje fell inn under *Forskrift om konsekvensutgreiing*.

Risiko- og sårbarhetsanalyse

Etter PBL §4-3 *Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse*, skal det gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for planar som omfattar utbyggingsformål. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for å vurdere om arealet er eigna til utbyggingsformål. Det skal utarbeidast ein ROS-analyse.

Referansar





- § 7-1. *Generelle krav om sikkerhet mot naturpåkjenninger*. (n.d.). Direktoratet for Byggkvalitet. Retrieved February 25, 2025, from <https://www.dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/7/7-1>
- distriktsdepartementet, K.- og. (2023, June 20). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027*. Regjeringen.No. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/?ch=1>
- Hardangervidda nasjonalpark*. (n.d.). Miljødirektoratet/Norwegian Environment Agency. Retrieved February 25, 2025, from <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/norges-nasjonale-parker/hardangervidda-nasjonale-park/>
- Kommuneplan sin arealdel*. (2020, April 1). Ullensvang Kommune. <https://ullensvang.kommune.no/artikkel/arealdelen/>
- Kommuneplan sin samfunnsdel*. (2020, April 1). Ullensvang Kommune. <https://ullensvang.kommune.no/artikkel/samfunnsdelen/>
- Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus)*. (n.d.). Lovdata. Retrieved February 25, 2025, from <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-06-23-1298>
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)*. (n.d.). Lovdata. Retrieved February 25, 2025, from https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/*#*
- Norsk Villreinsenter. (2022, September 23). *Hardangervidda*. Villrein. <https://villrein.no/villreinomrader/hardangervidda/>
- Regional plan for klima 2022–2035*. (n.d.). Vestland Fylkeskommune. Retrieved February 25, 2025, from <https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/klimaplanar-og-rapportar/>
- Rolandsen, C. M., Tveraa, T., Gundersen, V., Røed, K. H., Tømmervik, H., Kvie, K., Våge,





J., Skarin, A., & Strand, O. (2022, January 1). *Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein. Første klassifisering – 2022.*

<https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2991315>

Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet. (n.d.). Lovdata. Retrieved February 25, 2025, from

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2025-01-24-69>

Statlige planretningslinjer for klima og energi. (n.d.). Lovdata. Retrieved February 25, 2025, from <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2024-12-20-3359>

Tønnesen, L. M. (n.d.). *Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda.* Buskerud Fylkeskommune. Retrieved February 25, 2025, from

<https://bfk.no/tjenester/planlegging/regional-planlegging/gjeldende-regionale-planer/felles-sti-og-loypeplan-for-hardangervidda.185953.aspx>

(N.d.). Retrieved February 25, 2025, from

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-plan-for-hardangervidda-2019-2035.pdf>

